

# Årdal kommune

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
064/23	Kommunestyret	23.10.2023

**Sakshandsamar:** Mette Hestetun Berg

**Arkiv:**  
K1-000

**Arkivsaksnr.:**  
22/1085 - 34

### Skisseprosjekt omsorgssenter - endring av mandat

#### Saka gjeld

Avklaring av areal til nytt omsorgssenter på Årdalstangen.

#### Bakgrunn

I november 2019 vedtok kommunestyret i K-sak 117/19, ny helse og omsorgsplan for perioden 2019 – 2029.

Kommunestyret vedtok at det skulle startast planarbeid for ein ny sjukeheim lokalisert til Årdalstangen med ambisjon om samlokalisering av helse og omsorgstenester.

Kommunedirektøren tok opp sak om plassering og tomteval i kommunestyremøtet den 3. november 2022, K-sak - 051/22, der følgjande vart vedteke vedk. plassering og tomteval;

#### Vedtak

1. Kommunedirektøren får mandat til å gå vidare med alternativ 2 Jernbanestasjonen for bygging av eit nytt omsorgssenter. Dette gjeld område som kommunen eig og disponerer i dag.

#### Drøfting

Arbeidet med skisseprosjektet har vore lyst ut i Doffin og er tildelt Norconsult. Arbeidet er i gang og i møte av 20 september informerte Norconsult kommunen om vanskar i høve den tomte prosjektet er tildelt;

#### Utfordrande byggeplass

Det er ei trong tomt, utfordrande utforming- og at det av den grunn er vanskeleg å bygge på den. Det er i tillegg vanskeleg tilkomst, svært krevjande med tanke på plassering av tårnkraner og ikkje tilstrekkeleg areal for riggområde innafor eiga tomt.

Tilkomst til tomte vil krevje erverv av tilleggsareal.

Parkeringsstilhøve -det må byggast parkeringskjellar – som gjev auka prosjektkostnad ift. overflateparkering

I tillegg er ikkje tomta presist målt opp og eksakt størrelse er difor noko usikker.

Kommunedirektøren kalla difor inn styringsgruppa til møte. I tråd med gjeldande prosjektorganisering er styringsgruppa formannskapet.

Styringsgruppa blei i sitt møte den 28 september informert om Norconsult sine merknadar til tomta. Kommunedirektøren ba styringsgruppa om å vurdere opplysningane og anbefale å endre mandatet slik at Norconsult får høve til å sjå på områder rundt jernbanetomta for å vurdere kva som må til av områder for at Norconsult skal kunne løyse oppgåva i mandatet elles.

På bakgrunn av merknadane frå Norconsult anbefalte styringsgruppa å sende saka over til kommunestyret for endring av mandatet i høve tomteområdet.

### **Økonomi**

Kostnadane vil auke dersom ein må kjøpe naudsynt areal frå tilstøytande tomtrar som kommunen ikkje eig sjølv.

### **Pro et contra**

Norconsult har merknadar til vedteke tomteareal for nytt omsorgssenter. Tilkomst og tilhøvet med at tomta er utfordrande i høve til å få til eit samanhengande bygg og til å få plass til kraner og rigg Med meir på tomta. Norconsult vurderer vidare at det ikkje er tilfredsstillande tilkomst til tomta. Dersom mandatet ikkje blir gitt løyve til å sjå på eit utvida område vil ein ved levering av skisseprosjektet i desember få eit ufullstendig skisseprosjekt som ikkje klarar å løyse dei oppgåvene som mandatet har gitt.

Dette vil bety at dersom ein ber om eit skisseprosjekt basert på gjeldande mandat vil ein ha eit forslag som ikkje er gjennomførbart når det skal leverast i desember. Dette vil da føre til ytterlegare forseinkingar i høve arbeidet med nytt omsorgssenter.

På bakgrunn av desse opplysningane vedtok difor styringsgruppa å legge fram saka for kommunestyret.

### **Tilråding frå styringsgruppa:**

Norconsult arbeider vidare med skisseprosjektet og får moglegheit til å sjå på kva som må til av område og areal for å få til ei løysing som og dekkar parkeringstilhøve og tilkomst til tomt.

### **23.10.2023 Kommunestyret**

Utvida mandat, foreslått av Bjørn Thomas Haugen, Høgre

Norconsult arbeidar viare med skisseprosjektet, og får moglegheit til å sjå på kva som må til av område og areal for å få til ei heilhetleg løysing som dekkar bygningsmassen, parkering og tilkomst til tomt m.m. ifm byggefasen.

Bjørn Thomas Haugen, H fremja forslag til ny tilråding.  
Arbeiderpartiet ba om gruppemøte.

### **Røysting**

Bjørn Thomas Haugen, H sitt framlegg vart teken opp til røysting.  
Falt mot seks røyster.

Styringsgruppa sitt framlegg vart teken opp til røysting.  
Vedteken mot seks røyster.

### **KST - 064/23 Vedtak**

Norconsult arbeider vidare med skisseprosjektet og får moglegheit til å sjå på kva som må til av område og areal for å få til ei løysing som og dekkar parkeringstilhøve og tilkomst til tomt.